



Hardangerrådet iks



Hardanger

**Referat frå møte i Hardanger kulturråd Utne Hotel, Utne
Torsdag 6. april 2017 kl 10:30 – 14:30.**

Tilstades:

Lage Thune Myrberget
Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord
Anne Marit Lekve, Ulvik
Eva Wiberg, Ullensvang herad
Olav Seim, Granvin

Frå Hardangerrådet: Konsulent Trude Rinaldo

Gjester: Eivind Dale Sjøstad, redaktør Hardanger Folkebal
Elin Myran, dagleg leiar Frivillighetsentralen i Odda

Forfall:

Sigrid Brattabø Handegard, Jondal
Mary Ann Sørheim, Kvam

Agenda

10.30	Presentasjon av mogleg løysing for felles kulturkalendar v/ Eivind Dahle Sjøstad
11.00	Sakshandsaming
12.00	Lunsj
12.45	Sakshandsaming
14.30	Slutt

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.
Dersom de har saker der det er aktuelt å senda ut dokument før møtet, er det fint om de sender dette ut på epost til alle.
 - Presentasjon av Knud Knudsen
 - Verk frå Kunstnar Marta Nerhus

2. Kulturkalendere som felles prosjekt!

Eivind Dale Sjøstad presenterte kulturkalendar som Hardanger Folkeblad (HF) har laga og som dei skal leggja ut. HF vil vera eit lim i Hardanger og vil lansera ein digital kalendar. Kultur er lim i samfunnet, saman kan detta skapa meir i vår region.

Eksempel på avis som leverar lignade kalendar i dag er Telemarksavisa.

Arrangørar skal leggja ut alt sjølv, i ein oppsett mal. Før du kan leggja ut må arrangør vera registrert aID brukar. Dette kostar ingenting, og gjer avisa ein viss kontroll.

Ekstra gode er at HF har god skår i den digitale verda.

At kalendaren også kjem på trykk er positivt, dei seier det er papir som flyttar folk.

Denne digitale kalendaren skal vera for heile Hardanger, og Hardanger Folkeblad vil reisa rundt i heile Hardangerregionen og informera om dette tilbodet.

Elin Myran, leiar frivilligsentralen i Odda presenterar kulturkalendaren «Kva skjer i Kulturen?» Denne kalendaren vart laga til 100 årsjubileum i Odda, og er vidareført, og no lansert for heile Hardanger.

Kva skjer i kulturen er åpna www.kvaskjerkulturen.no.

Her kan alle senda inn aktivitet og arrangement, så vert det lagt ut av Elin i Odda.

Andre eksempel på digital strategi i kommunar:

eCultura er eit prosjekt i Fjell kommune der hovudprinsippet er at kvar organisasjon skal sjølve vera aktive med å gjera seg synlege, men at kommunen er tilretteleggar med digital plattform.

Lage en plan for lag og organisasjonar for korleis dei vel publisering mellom digitale flater.

Her er ei liste på informasjonsarbeid knytta til arrangement, frå Lage

- 1: Eige nettsida
- 2: Eige facebookside
- 3: Eige facebook arrangement
- 4: Felles kulturkalender (kommunalt)
- 5: HF-kalendaren
- 6: Annonsering
- 7: Plakatar

Strategi for Hardanger kulturråd:

Kan me ha eit felles opplegg på kurs i digitalformidling for lag og organisasjonar, som me brukar når HF skal reise rundt i Hardanger. Då kan me ha ein felles informasjonsdag uti kommunane om digitalkulturformidling.

3. Tilskuddsportalen som felles prosjekt.

Hardanger skal avklara om me kan få felles medlemskap i tilskuddsportalen.

Viktig då at kommunane legg ressursar i dette, for at det skal bli brukt.

Involver barn og unge i kunst og kultur, form framtida med bruk av teknologi.

Nokre kommunar har ein digital plan, andre er i ferd med å planlegga.

4. Korleis kan me fungera som eit Råd? Kven skal me gje råd til? Kva kan være aktuelle problemstillingar? Me bør løfta fram ein debatt om kva kultur betyr i 2017 og kva rolle det digitale har for vår oppleving av kultur!

Sekretariatet skal finna fram retningslinjer for Hardanger Kulturråd og så skal dei reviderast.

Hardanger kulturråd skal legga til rette for kunst og kultur heile i regionen for framtida.

Kva er kultur er i 2017 i Hardanger?

Kan me laga eit Mandat til Hardanger Kulturråd?

Kunst, kultur, informasjon og identitet heng saman og vert av mange kommunar lagt i same avdeling. Kva gjer me?

Kan me bruka meir film for å nå raskare fram, få tydelegare budskap og vekkja større engasjement?

Me må tydeleggjera arbeidsoppgåver som ligg i kulturavdelingane i kommunane

Me må ha som mål å styrkja heile Hardanger og styrkja Hardanger sin identitet.

Kva skjer med Hardanger etter 2020?

5. Odda, Ullensvang og Jondal har søkt om skjønnsmidlar til felles kulturstrategi og plan. Litt orientering om dette, samt diskusjon på korleis ein best involverar og kjører ein prosess med slikt arbeid. Ber om innspel frå alle partar for å diskutera korleis ein arbeider!

F.eks Kva vil det sei å vera frå Ullensvang kommune i 2020? Kan me finna identiteten? Korleis skapar me vår eige framtid i lag?

- 6. Lage vil orientera litt om møter og samvær med leiar frå kulturtanken. Det er desse som vert den største formidlaren av kunst og kultur for barn- og unge i Norge i framtida. <http://www.kulturtanken.no/tankebloggen/2017/3/23/ei-reise-til-framtida-1>**

Sommar 2018 tar kulturtanken over, Linn Marie Holviker leiar dette arbeidet. Kulturtanken skal erstattar dagens DKS ordning. Fokus vert meir som fasilitator enn å laga førestillingar. Odda arbeider med nye prosjekt for framtida. Kreativt Norge er eit nytt kontor som vert oppretta i Trondheim, med fokus på verdiskapingspotensialet i kunst og kreativ næring.

- 7. Kulturskulen si rolle i små samfunn. Kva er relevante tilbod for barn- og unge i 2017 - 2020 og 2025+ korleis skal me gje råd for ei sunn og god utvikling i tilbod og driftsmodell for kulturskule i framtida?**

Musikkskulen ligg i dei fleste kommunar under skulesektoren i Hardanger, men i Odda ligg den under kultursektoren. Viktig å fokusera og gjera dette tilbudet attraktivt for born og unge i dagens samfunn. Er det nye ting eller kan me gjera nytt med gammalt? Korleis gjera kulturskulen attraktiv for fleire?

- 8. Saker innmeldt ved starten av møtet.**

Presentasjon av Knud Knudsen. Lage presenterte prosjektet, som vert lagt ved.

Utne 06.04.2017
Referat av Trude Rinaldo